



Nr 1 | 2023 | 74. årgang




God Sumar!

Kjære lesarar

Det er snart eitt år sidan eg kom som sokneprest til Hyllestad og eg spør meg sjølv; kva for ein prest er eg for kyrkemedlemmane i Hyllestad? Viss eg kan svare på det sjølv må det være noko som; han er ein prest du må gå i kyrkja for å bli kjent med! Kanskje eg burde gjere noko meir for å møte folk! Og eg trur eg har skjønt det! Eg må gå på tur. Kanskje møter du meg på Lihesten i sommar?

Viss eg skal seie noko om Hyllestad kyrkjelyd, må det være at det er ein aktiv kyrkjelyd. Her er mange kyrkjelydsmedlemmar som held trua si høgt i kvardagen og brenn for at folk i bygdene her skal bli kjent med det kyrkja står for. Gjennom veka er det fleire arrangement i kyrkja ein kan ta del i. Kyrkja er ein viktig del av kulturen i bygda som bind folk saman og gjer det godt å leva her.

Eg har budd og arbeida mange stader i inn og utland og mi kristne tru gjev meg eit kristent fellesskap i alle kyrkjelydane på dei plassane eg har vore. Kyrkjelyd og trua gjev meg ein følelse av å høyre til. Mening og tilhøyrighet er viktig for oss og vi finn den i familien, på arbeidsplass og i lokalsamfunn. Men spørsmål om tilhøyrighet og mening rører oss på djupare plan og. Korleis heng alt i hop? Hva handler livet om og kvifor eksisterer noe i det hele tatt? Hjertene våre søker noe med større djupne enn det vi kan finne sjølv. Eg trur at å finne ut av kva livet handlar om er viktig i ei tid da avstanden



mellom det vi erfarer livet er og idealet om kva det skal være, er så stor.

Apostelen Paulus skriv til sin venn Timoteus i det 1. brevet kapittel 4 v. 8; «For kroppsleg øving er nyttig til noko, men guds frykta er nyttig til alt. Ho ber i seg lovnad både for dette livet og for det som kjem».

Spørsmålet er korleis eg ordnar livet for å halde trua levande og kjærleiken brennande. Korleis kan eg få min vilje i vater med Guds vilje? Det er som å gå seg

ein tur i fjellet! Ein må ha eit mål for auge og legg dagen opp med det mål ein har sett seg. Det er verd turen å nå toppen. Å gje seg i kast med åndelege øvingar er ikkje det same som å ta frelsa i eigne hender. Den er Guds sak. Men å ta vare på trua det er vår sak. Og hugs! Målet er verd det.

Bøn! Hjelp oss å leggje dagen opp slik at trua, håpet og kjærleiken får gode kår.

Runar Matsui-Li



Bispevigsling i Bergen 16. april 2023

Det var ei stor oppleving å få vere med på bispevigslinga i Bergen søndag 16. april.

Mykje kan seiast om denne hendinga. Både ordføraren i Bergen Linn Kristin Engø, kyrkjerådet sin direktør Kristin Gunleiksrud og statsråd Kjersti Toppe understreka det historiske ved at ei kvinne no er valt og innsett som biskop i Bergen. Den første biskop i bispedømmet si historie som kan førast attende til Selja i 1068. Ei historisk hending og den lokale kyrkja ønskte det og stemte fram dei tre kvinnelege kandidatane i si stemmegjeving.

Preses Olav Fykse Tveit understreka dette då han sa:

«I dag blir linja frå dei første kvinner som vitna om den tomme grava trekt vidare hit til dette rommet. Vi har deira namn. No går ditt namn inn i rekkja av biskopar som har hatt ansvar for at kyrkja er apostolisk, i tydinga at ho er



sendt til verda med budskapet: Jesus lever og kjem til oss!»

Prost og soknerådsleiar var invitert til vigslingshelga og frå Sunnfjord prosti deltok: Sissel Sørebo frå Bjordal og Ortnevik sokn, Linda Ølmheim frå Hyllestad sokn, Astrid Årdalsbakke Feldt frå Helgheim sokn, Ingvil Førde Torvanger frå Kinn sokn og Irene Muren

Knapstad frå Ålhus sokn, Prost i Sunnfjord Knut Magne Nesse, Bjørn Harald Haugsvær frå Førde sokn, Bjarne Horsevik frå Gaular sokn, Jostein Gryte frå Askvoll sokn, Sturla Bell Fossen frå Kyrkjebø sokn og vararepresentant på Stortinget Jacob Nødseth.

Prost Knut Magne Nesse

Fine samlingar med interkulturell kafè

Denne våren har det halde fram med godt frammøte på den interkulturelle kafeen i Hyllestad kyrkje.

På føremiddag, laurdag 21. januar og 18. mars, dessutan sundag 7. mai, har ein komme saman frå ulike land og kulturar. Det er dei nye frå Ukraina som har vore best representerte, men og mange som har vore i Norge i mange år.

Kommunen har no også starta språkkafe av og til på fredagar, så til saman betyr alt dette noko viktig, for å fremje integrering og fellesskap. Det var også mange aktivitetar for born og vaksne på desse samlingane. Dessutan mange gode vaffelhjarte vart laga, og nokre hadde med bakverk, både planlagt og uanmeldt. Kirsten Gravdal Ryland deltok med sang og musikk.

På samlinga 21. januar var flyktningkonsulent, Dilanka (frå Sri Lanka) med og presenterte seg, og Tanja Kvellestad Akse deltok med sang. Keiko Matsui-Li hadde med fløyte.



Sterkt var det med ei stille stund der det vart tent lys i lysgloben for kvar av landa som var representerte.



AuS Flyktningkonsulent, Dilanka (frå Sri Lanka)



18. mars overraska 4 damer frå Ukraina med å stille spontant opp og synge ein vakker ukrainsk sang – om mandeltreet, kjærleik og håp. Unge Polina (19), spelte vakkert på flygel.





Myldresamling – ein viktig møteplass for dei minste

Etter at Toril Lange slutta som trusopplærar har det vore eit opphald i tiltaket myldresamling og andre samlingar for barn. Eg har heile tida tenkt at noko må vi halde fram med. Etter påske hadde Kari og eg to samlingar i kyrkja med dei minste barna og eldre søsken. Samlinga startar med lystenning for kvar einskild, bøn og song.

På samlingane er det mykje song. Runar prest fortel frå bibelen med hjelp av flanellograf. Kari har forberedt klipp og lim med muffinsformer i papir. Det blei så fint, berre sjå på veggen i kyrkja.

Til slutt et ein kveldsmat saman, både leiarar, born og vaksne. Til hausten startar me opp att igjen og vonar at borna kjem tilbake.

Runar og Kari





Sang- og musikkveld

– tonar frå vest, onsdag 15. februar

Den interkulturelle kafeen i kyrkja kom som eit resultat av under-søkinga og opplegget med «Inviterande kyrkje» i 2022, som Hyllestad sokneråd gjekk inn på.

Då var det også snakk om å ha andre samlingar av og til, til dømes på onsdag kveldar. I februar vart det planlagt ein sang- og musikkveld.

Det vart fint frammøte, og kjekt med god respons! Spesiell gjest var Keiko Matsui-Li på fløyte, som sjølv er fødd i «soloppgangens land» (Japan), men som då gledde oss med tonar frå vest, irske tonar. Det var og fokus på jordskjelv-katastrofa, og innsamling gjennom Kirkens Nødhjelp til Tyrkia og Syria. Det var bøn og lystenning for dette, og for Ukraina.

I komiteen for denne kvelden var Kirsten og Jostein Ryland, Kari og Audun Systad, og Keiko og Runar Matsui-Li.

Bønesamlingar i Hyllestad kyrkje

Som tidlegare kunngjort, er det ein gong for veka bønesamlingar i kyrkja. Der ber ein for det som skjer i kyrkjelyden, for dei styrande, for verda og særskilt der det er krig og konflikhtar. Ein tek og imot bønneemne for sjukdom og anna som måtte komme inn.

Bønesamlingane er no sett til onsdagar kl. 19.30, så sant det ikkje kolliderer med andre arrangement.

NB: Dette er opne samlingar, der alle er velkomne.

Av og til kan det bli song- eller temakveldar i kyrkja. Dette kom fram som eit ynskje då soknerådet i 2022 hadde prosjektet og under-søkinga «Inviterande kyrkje».

Slik kan «**onsdag i Hyllestad kyrkje**» bli eit spesielt tiltak framover.

AuS



Samtalegudsteneste

Samtalegudstenesta blei holde 19. mars. I Hyllestad betyr det supershow og ein lokal happening. Linda fortalde meg om tidlegare vellykka show. I staden for å bli imponert, sank motet djupare og djupare. Konfiramtane skulle danse som Riverdance, synge som Oslo gospel Choir og dramatisere som i Les Misérables. Korleis få dette til med årets konfirantar?

Da gjorde vi som kokken i eventyret, han som kokte suppe på spiker. Vi brukte det vi hadde og fekk ein fin kveld i kyrkja den kvelden.

Ja, konfiramtane la inn eit godt stykke arbeid med å øve og terpe i forkant. Botnpunktet blei til høgdepunktet da vi ikkje fekk til korsongen og Linda i desperasjon bad Stian sette seg ved flygelet og spele

til, men då løfta songen seg og framføringa vart superbra. Fadervårdansen vart grasiøst og elegant utført, og dei tre jentene dansa den på Eiklund nokre dagar seinare.

Til samtale med meg måtte konfiramtane forberede seg heime og fekk ein fin repetisjon av konfiramtensumet.

Runar Matsui-Li





Konfirmanthelg 2023

Siste helga i januar reiste konfirmantene i Hyllestad på leir på Alværa saman med konfirmantane i heile Høyanger kommune.

Konfirmantene i Hyllestad har hatt fleire samlingar med konfirmanter i andre sokn. Når vi samlast til leir på Alværa, kjenner dei kvarandre ganske godt allereie. Viktige mål for leiren er fellesskap, samarbeid og vennskap. Prestane Andreas og Runar, saman med Heike og Linda er leiarar saman med foreldre som er med oss om natta.

Ei av oppgavene konfirmantene fikk, var å teikne sin bønestatus med ei selfi-tekning. Resultatet var ei koseleg teiknestund og mange fine teikningar av gode fjes.





Konsert med «Moreld»

Sundag 23. april heldt songgruppa, «Moreld», ein flott konsert for oss framfylke. Dei hadde rigga kyrkja med småbord og vi fekk forsynt oss med kaffi, kaker og frukt som var sett fram på kvart bord. Dette gjorde at det heile vart ganske uformelt og nært.

Det svingar alltid, når denne gjengen set i gong. Sterke tekstar, mykje engelske tekstar, men mange av dei har dei omsatt til norsk sjølv, slik at det vert råd å få med seg innhaldet. Dei er gode formidlarar, både i ord og tonar. Sterke og klåre vitnemål frå nokre av dei, i tilknytning til nokre singlar. Sterkast vart nok ei oppleving som Jørn Lund, delte med oss. Der han skildra ei dramatisk flyreise, med panikkstemning om bord i flyet. I det han byrja be, opplevde han rett og slett ei underleg ro og ein trygg, varm og altomsluttande fred rundt seg.



Tenkjer det kan høva med eit vers og eit refreng frå ein av songane her. Eg ser fram til neste konsert!

Nobody

*Why You ever chose me
Has always been a mystery
All my life I've been told I belong
At the end of the line
With all the other not-justes
With all the never-get-it-rights*

Aås

*But it turns out they're the ones
You were looking for
All this time
'Cause I'm just a nobody
Trying to tell everybody
All about Somebody
Who saved my soul
Ever since You rescued me
You gave my heart a song to sing
I'm living for the world to see
Nobody but Jesus
I'm living for the world to see
Nobody but Jesus*

Takk for lang og tru teneste, Irene!

Irene Fløde fylte 67 år sist haust og sa opp stillinga si som kyrkjeverje i Hyllestad frå 1. mars 2023. Ho har etter kvart hatt lang fartstid i Hyllestad, byrja som kyrkjeverje i 1993 i 25% stilling, som seinare vart auka til 50% og hadde den stillinga fram til 2003. I tillegg var ho kyrkjeverje i Gaular eit par år, før ho vart kyrkjeverje i Fjaler, 50% stilling i 1996. Alt dette samstundes som ho var i Hyllestad. I 2003 vart stillinga i Fjaler auka opp til 100%, noko som førde til at ho slutta i Hyllestad.

Då Hyllestad stod utan kyrkjeverje i 2014, tok soknerådet kontakt med henne for å høyra om det var mogeleg for henne å ta ansvar for Hyllestad att. Irene sa seg viljug til å ta 25% stilling i Hyllestad, føresett at ein klarde finna løysing på dei

siste 25% og at ho fekk permisjon frå 20% av stillinga i Fjaler. Dette gjekk heldigvis i orden og det har, takka vere hennar lange og breie kompetanse innanfor fagfeltet, fungert godt. Sjølv om Hyllestad er heldige og har fått tilsett ny kyrkjeverje, er Irene framleis med og trør støttande til no i ein overgangsperiode.

Irene vart takka av i soknerådsmøte 21. mars med kake, gåvekort og litt program. Eit varmt og hjarteleg TAKK for lang og tru teneste og tryggleiing! Ynsker Irene alt godt på vegen vidare. Vonar det ordnar seg med arvtakar i Fjaler og, når ho sluttar der til hausten.

Takk for godt samarbeid, Irene!

Aås



Håkon er glad i kyrkja

Tekst og foto: Atle Lyngstad Ness

Alt frå barnsbein har Håkon Steinar Giil (80) likt seg i kyrkja. I 8-10-årsalderen gjekk han dit ofte åleine, men det var stas når han hadde farfar Mads med på kyrkjeveg. I vaksen alder har Håkon hatt verv og vore tilsett i heimekyrkja.

Då Øna-kyrkja gjekk tapt etter lynnedslag i 1940, gjorde bedehuset på Sørbøvåg teneste som interimskyrkje til den nye stod ferdig i 1958. Unge Håkon tykte det var høgtid her når den seinare læraren hans og klokkar Bendik Skogly andektig steig fram og opna med den gamle klokkebøna: «Herre! Eg er komen inn i dette ditt heilage hus....»

Glad tru

– Eg har ikkje gått på søndagsskule, men mor ivra for at eg skulle gå til kyrkje, og eg hadde ikkje noko imot det. Likevel var det vel først året på Nordhordland Folkehøgskule eg fekk eit meir medvite forhold til kristentrua. Men ikkje prega av dei litt pietistiske haldningane som rådde der. Den glade kristentrua vart min veg, seier Håkon.

Kullet hans var det siste som vart konfirmert i interimskyrkja. Å gå for presten var ei stor oppleving. Dei drog med rutebåten inn til Hyllestad og heim att og fekk såleis ein heil dag fri frå pliktene heime. Dagane

baud på sosiale, sosiologiske og kulturelle opplevingar med ungdomar frå dei andre sokna i kommunen. Tid til litt fanteistykke vart det visst òg.

Lokale organistar

Den nye Øn kyrkje vart reist etter langvarig strid og to folkerøystingar om stadvalet. Ved gravplassen, der den gamle kyrkja stod, vart reist eit gravkapell.

Aslaug Gjertsen og Egil Ramstad gjorde teneste som organistar. Då autodidakte Erling Akse begynte å spele, med tanke på å ta over, gjekk han i lære hos Ramstad. Sistnemnde hadde syn for



I dette vakre huset voks Håkon Giil opp med foreldre og fire søsken. Eldste broren Marvin, som ikkje fekk normalt mykje med seg i livet, er nok den som alt i alt har påverka livet til Håkon aller mest.

ein god spøk. Det var i samband med denne situasjonen; læraren som gjerne ville halde det gåande lengst mogleg, og den lærevillige eleven, Ramstad siterte den kjende replikken frå Æsop-fabelen om bonden og slangen; «kanskje jeg nærer en slange ved mitt bryst» – og så lo han godt. Med tida overtok Akse og spelar godt framleis.

Politikk, misjon og kyrkje

I 20 år var Håkon borte i utdanning og arbeid, til han kom heim att med huslyden og overtok bruket på Ytre Gil i 1977. No følgde år med mest politisk arbeid for Senterpartiet lokalt, på fylkes- og landsplan. Han var ordførar, stortings-

representant og statssekretær i Olje- og energidepartementet. Gjennom åra brukte han også mykje tid på verv i målrørsla, lektorlaget, Folkeakademiet, Nei til EU og som overformyndar.

Han fann også tid til å engasjere seg for misjonssaka, eit anna hjartebarn, som styremedlem i fylkeskrinsen av Det norske Misjonsselskap, og medlem og leiar i styret for Alværa misjonssenter.

Sokneråd, prest og klokkar

Då Håkon kom med i Øn sokneråd, hadde Hyllestad tre sokn, og i tillegg fellestråd. Kona Asbjørg var leiar i Øn

sokneråd før Håkon. Han vart leiar begge stader og stod midt oppe i prosessen med samling i eitt sokn for heile kommunen. Saka var godt førebudd, og ei samling var naturleg og gjekk smertefritt.

– Kjenslemessig hadde eg litt problem med at Øn sokn «vart vekke». Men betra kommunikasjonar og andre faktorar talde for ei samling, seier Håkon, som var leiar i det nye Hyllestad sokneråd i 12 år. Han meiner det også var rett at Ytre Sogn prosti vart nedlagt, og at Hyllestad er ein del av Sunnfjord prosti.

Med kristendomskunnskap i fagkrinsen frå universitetet, låg det til rette for at Håkon fekk godkjenning som lekprest frå biskop Per Lønning, som han hadde stor sans for. I samband med dette minnest han Bendik Systad, også han lekprest, som ein god læremeister. Han lånte også frå preikene som prost Geir Sørebo la ut på nettet. Håkon gjorde teneste mest i Øn og Ramsgrø, nokre gonger i Hyllestad. Han var også klokkar i Øn i 22 år, og det hende han hadde begge funksjonane i same guds-tenesta.

Beste salmeboka

Då ny salmebok skulle innførast, skreiv Håkon utkast til uttale frå soknet. Denne vart i hovudsak spelt inn til prostiet og seinare bispedømerådet. – Slett ikkje alt fekk gjennomslag, men eg er audmjuk og glad for at mykje av det eg heldt fram kom med, for det første forslaget såg ikkje bra ut. Innspela mine var særleg knytt til kjære og kjende salmar, og ikkje minst at nynorskprosenten i første utkastet var fortvilande låg.

Håkon er svært glad for at

Jakob Sande er representert både med «Det lyser i stille grender» og påskesalmen «Du som låg i natti seine», begge av det ypperste i salmeskatten. For sistnemnde liker Håkon best melodien frå Stabat Mater Dolorosa, og trur kanskje det var den Jakob hadde i mente då han skreiv påskesalmen. Før han fylte 25 år. Men han er lei seg for at Gunnar Rysstad si vakre omsetjing - «Fager er jordi» - ikkje kom med som dublett. - Likevel; dette er den beste salmeboka vi nokon gong har hatt, og den er godt motteken, seier Håkon.


Det står bra til

Av kyrkjene i Hyllestad tykkjer Håkon Giil at Bø-kyrkja er den finaste og mest harmoniske. Øn kyrkje er det beste konsertlokalet i heile prostiet, medan Hyllestad har fått ei godt brukande arbeidskyrkje. Han var leiar i soknerådet då planlegginga starta, og resultatet er godt. Han var skeptisk til å få eit elektronisk orgel, men det viste seg å vere det rette. At den gamle altertavla og krossen er på plass igjen, er gledeleg. Kyrkjesøknaden er bra, og det er gjort mykje dugnad i alle sokna på kyrkjesektoren gjennom åra. Håkon er også svært glad for at det er teke viktige grep med Kyrkjebladet, og at det blir lese over heile landet. Sjølv har han teikna eige abonnement, og til fleire andre i familien.

Håkon har opplevd fleire preste- og biskopbytte. Å få den første kvinnelege biskopen til Bjørgvin trur han vil vise seg positivt. – Eg har stor sans for Sunniva Gylver, men trur likevel Ragnhild Jepsen var rett val. At ho er nynorskbrukar og har ei nydeleg sangstemme, tel i pluss, meiner kyrkje- og misjonsmannen Håkon Giil, som runda 80 i januar.



Den 50 år gamle Cadillac'n er m.a. kyrkjebil i sommartida. Den «drikk» bensin, men med mest småturar er dette «svinet på skogen» til å leve med, meiner eigaren.



«My baby drove up in a brand new Cadillac», beiter det i songen. Håkon voks opp utan bil, men tykkjer det er moro å setje seg bak rattet i denne av og til.

Hyllestad – ein del av kystppilegrimsleia

Då eg starta i jobben som dagleg leiar for Selje regionale pilegrimssenter 1. juli -23, var noko av det første eg gjorde å ta turen til Hyllestad og kvernsteinsparken. Det kjendest litt som å kome heim, sjølv om eg aldri hadde vore der før. Korleis det heng saman, skal eg kome tilbake til. Men først vil eg dra opp nokre historiske liner. For kva har i grunnen pilegrimar med Hyllestad anno 2022 å gjere?

Kva er ein pilegrim?

Ordet pilegrim kjem frå latin, og betyr framand eller utanlandsk. Ein pilegrim blir tradisjonelt omtalt som ein person som gjennomfører ei reise som både er fysisk og spirituell; gjerne ei reise til ein heilag stad. Pilegrimsreiser er kjend frå fleire religionar. Kristne har i fleire århundrar til dømes reist til Jerusalem eller Roma, muslimar har reist til Mekka.

I mellomalderen utvikla det seg ei omfattande pilegrimsverksemd i heile Europa. Katolske pilegrimar oppsøkte gravene eller stader der relikviar etter helgenar var oppbevart. Eitt av dei mest kjende pilegrimsmåla i Europa er apostelen Jakob si grav i Santiago de Compostela i Spania. Framleis valfartar tusenar av pilegrimar dit kvart år. I Nord-Europa har Nidarosdomen i Trondheim, der relikviane etter St. Olav var oppbevart, vore eit viktig pilegrimsmål heilt fram til reformasjonen.

Årsakene til at folk gjekk pilegrim var mange. Nokre søkte helbreiding for sjukdom ved kontakt med heilage stader, relikviar eller krusifiks som skulle ha helande krefter.



Pilegrimssenteret i den gamle preste-garden i Selje. Foto: Helle Frogner

Krusifikset i Røddal stavkyrkje var ein slik stad. For andre var pilegrimsreisa ei botsferd, som til dømes kunne vere pålagt ein av presten etter skrifting av alvorlege synder. Nokre valde å gå i takksemd over at bønene var blitt høyrde. Kanskje var noko av motivasjonen også eventyrlyst og utferdstrong.

Pilegrimane skulle reise enkelt og fattigsleg, berre utstyrt med ein stav og ei skreppe, og søkte husrom undervegs. Nokre var utstyrte med pilegrimspass, som skulle verne dei mot plyndringar undervegs og sørge for at dei

fekk skyss og husrom. Men etter kvart utvikla det seg også ein omfattande handel knytt til pilegrimar. Dei som hadde nok pengar, kunne kjøpe seg avlat i staden for å gjennomføre ei slit-sam vandring, eller dei kunne betale andre for å gjere reise for seg. Dette var ein av grunnane til at Luther gjekk imot praksisen med pilegrimsreiser då reformasjonen vart innført.

Den moderne pilegrimen


I fleire hundre år var altså pilegrimsreisene forbode av kyrkja her til lands. Men sidan midten av 1990-talet og fram til



Netverket av pilegrimsleier, St. Olavsvegar til Trondheim i dag.

i dag har stadig fleire pilegrimar lagt ut på reise, igjen med Nidarosdomen som mål. Dei fattigslege pilegrims-skreppene er no gjerne bytta ut med dyrt gortex-tøy og stor tursekk, og losjiet spenner frå telt til hotell med trerettars middag, ut frå ønske og lommebok. Motivasjonen for å gå kan vere alt frå friluftsliv og naturopplevingar til interesse for historiske stader. Nokre har framleis eit religiøst motiv. Men for mange handlar den indre reisa kanskje like mykje om å ta ei pause frå kvardagens kjas og mas, bli ein del av eit fellesskap eller komme i kontakt med historia.

I år feirar pilegrimsleden i Noreg 25 år. Dette er eit nettverk av historiske vegar som alle endar opp i St. Olavs gravkyrkje i Trondheim, og blir difor også kalla St. Olavsvegar. Den første av desse historiske vandrerrutene som vart teken i bruk og merka som pilegrimslei, var Gudbrandsdalsleden mellom Oslo og Trondheim. Prosjektet var eit samarbeid mellom Riksantikvaren, Kyrkje-departementet, Kultur-departementet, Landbruks- og



Kartet er henta frå Rune Nyland Larsen: Kystpilegrimsleia. Sjøvegen til Nidaros 2020

matdepartementet, Miljøvern-departementet, Nærings- og handelsdepartementet. Pilegrimssatsinga i moderne tid handlar både om ein kyrkjeleg tradisjon og ein ny truspraksis, om kulturformidling gjennom bruk av historiske vegfar, om miljøvennleg reiseliv og om distrikts- og næringsutvikling.

Fleire pilegrimsleier har kome til etter kvart, og i dag har vi i alt ni offisielle pilegrimsleier, organisert under Nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim. Langs leiene er det eit nettverk av regionale pilegrimssenter der ein kan stemple pilegrimspass og få hjelp og råd til reisa. I 2010 fekk St. Olavsvegane til

Trondheim status som europeisk kulturveg, og er ein del av Europarådets kultursamarbeid. Pilegrimsleiene er i dag eit internasjonalt nettverk som strekker seg langt ut over landegrenser, slik det også var i katolsk tid. Men i dag er leiene merka og skilta med olavskrossen, slik at det skal vere lett å finne fram.

Pilegrimssatsinga er eit spleiselag mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Men ikkje minst er den frivillige innsatsen viktig – alt frå lokalt vertskap som kokar kaffi og held opne kyrkjer, til eldsjeler som hjelper til med merking, rydding og skilting, eller jobbar med å formidle historia om sin

stad til pilegrimar som kjem innom.

Kystpilegrimsleia

Det siste tilskotet av pilegrimsruter i Noreg er kystpilegrimsleia mellom Egersund og Trondheim, som vart offisielt opna av Dronning Sonja på Selja kloster i 2018. Denne pilegrimsleia skil seg frå dei andre ved at ho hovudsakleg går til havs, med stoppestader i hamner og historiske stader langs seglingsleia.

Sjøvegen har alltid vore den viktigaste ferdselsvegen i Noreg. Vegnettet var dårleg utbygd og terrenget krevjande. Dessutan kunne det lure røvarar langs vegen. Dei fleste pilegrimar tok difor truleg sjøvegen. Den eldste skildringa av pilegrimsferder i Noreg er skrive av Adam av Breman. I 1075 skreiv han på oppdrag for erkebiskopen i Hamburg ned ei beretning om korleis ein kunne reise som pilegrim til Trondheim. Han skriv at den enklaste reiseruta er å segle frå Ålborg til Viken, og deretter hald til venstre. Vidare følger ein kysten nordover, og på den femte dagen kjem ein fram til Trondheim. Dette med fem dagar var nok ikkje noko eksakt tidsmål, men heller eit lengdemål. Ei dagsreise for eit seglskip var rekna til 24 vike sjøer, eller 144 nautiske mil. Adam fortel også om ei anna rute, over land frå Skåne, men denne «går over fjellene og tar lengre tid, og ettersom den er farefull, unngåes den av mange», skriv han.

Utanlandske pilegrimar kom elles gjerne med handelsskip, for eksempel til Bergen. Vidare langs kysten kunne ein få skyss eller hyre med lokale båtar. På utsette havstrekningar kan det hende ein måtte dra båtane over land eller gå eit



Spor etter kvernsteinsbrot på Otringsneset. Foto: Tonje Ramse Trædal

stykke. Fleire stader langs kysten var det sett opp sælehus eller salhus. Dette var ubetente overnattingsstader som pilegrimar og andre reisande kunne nytte. Pilegrimspass gav også moglegheiter for å overnatte på kloster og prestegardar. Etter kvart kom det vertshus på dei mest trafikkerte stadene. Men enkelte gonger måtte pilegrimane nøye seg med å sove under open himmel eller under ein kvelvd robåt.

Dei som ferdast langs kystpilegrimsleia i dag kombinere gjerne reisa med offentlig transport som båt, buss og vandring. Nokre sykklar delar av leia over land, andre brukar bil, populært kalla «bilegrim». Kystpilegrimsleia er organisert med fire regionale pilegrimssenter: Avaldsnes, Bergen, Selje og Smøla. Langs leia er det også 26 nøkkelstader ved viktige historiske stader. Eitt av desse er Hyllestad, som er knytt til Selje regionale pilegrimssenter, saman med Gulatinget, Svanøy, Kinn og Selja kloster.

Nøkkelstaden Hyllestad
Hyllestad har vore ei viktig

hamn i fleire tusen år, og er difor også valt ut som ein av stoppestadene langs kystpilegrimsleia. Kvernsteinsbrota i Hyllestad er Nord-Europas største steinbrot frå vikingtid og mellomalder, og landets største kulturminne i utstrekning. Tett på 400 steinbrot ligg spreidd ut langs Åfjorden. Til saman utgjer steinbrota eit område på 10 kvadratkilometer, eller 3% av Hyllestad kommune. Brota har ei samanhengande historie på rundt 1300 år, frå 7-800-talet og heilt fram til 1930. Mange av steinbrota er i dag gøynde under tjukke lag med mose, men enkelte ligg opne i dagen. På ei av utskipingshamnene på Otringsneset er spora etter kvernsteinsproduksjonen tydelege heilt ned i fjørseteinane.

Kvernsteinane vart brukte til å måle korn til mjøl. Men i tillegg til å sørgje for det daglege brød, har også produksjonen på Hyllestad hatt andeleg formål. Her finn vi også spor etter produksjon av steinkrossane som er sett opp fleire stader langs vestlandskysten.



*Steinkrossen i Korssund.
Foto: Tonje Ramse Trædal*



*Audun Systad viser rundt på den gamle kyrkjegarden i Hyllestad.
Foto: Tonje Ramse Trædal*

Mange av desse har keltisk utforming, og skal ha vore oppførte av tidlege kristningskongar mellom 950 og 1030.

Ein av desse krossane står i Korssund ikkje langt frå Hyllestad. Det er sagt at Olav den heilage eller Olav Digre som han også vart kalla, skal ha reist denne krossen her til minne om at Gud opna det smale sundet for han her. Krossen er i 3,85 meter høg og 1,40 meter brei over armene, men berre 10-12 cm tjukk. Det er imponerende at denne krossen har stått her i over tusen år.



*Ein av dei flotte steinkrossane på den gamle kyrkjegarden i Hyllestad.
Foto: Tonje Ramse Trædal*

Men Hyllestad har fleire imponerende steinkrossar, og eit stort lokalt engasjement for å formidle historia om desse. Ein av entusiastane er Audun Systad, pensjonert prest og no aktiv i steinkrossnemnda i soknerådet i Hyllestad saman med mellom anna Astrid Waage, Sigrid Solberg, Steinar Urnes og Linda Ølmheim. Eg hadde gleder av å vere med på eit møte i nemnda då eg var i Hyllestad, og fekk høyre om planar for steinkrosseminar,

vandringar og skuleprosjekt. Det blir spennande å følgje dette arbeidet vidare, og Selje regionale pilegrimssenter vil gjerne vere ein støtte-spelar framover.

Audun Systad tok meg også med til ei lita perle i Hyllestad, som kanskje ikkje er så godt kjend utanfor bygda – nemleg den gamle kyrkjegarden. Den gamle kyrkja her vart riven og seld i 1880 då ho vart for lita. Kyrkjegarden vart freda i 1921,

og det er støypt ein mur der den gamle kyrkja stod. Men det mest imponerende her er dei gamle steinkrossane, ein i kvart hjørne av kyrkjegardsmuren. Dei er ikkje så store, men forma fortel at dei er svært gamle. Det er sett opp eit informasjonsskilt på kyrkjegarden, men elles ikkje så lett å finne fram hit for dei som ikkje er så heldige å ha med seg ein lokal guide.

Kanskje kan kystpilegrimsleia

vere med på å gjere desse skattane meir kjende?

Eg fekk også vere med til Åfjordstein, der Torbjørn Løland mellom anna lagar små kopiar av dei gamle steinkrossane i lokal glimmerskifer. Nokre tok eg med meg til Selje, der dei er å finne i pilegrimsbutikken i den gamle prestegarden.

Kvernsteinsparken i Hyllestad formidlar historia knytt til kversteinsproduksjonen og steinkrossane frå Hyllestad, og er som nemnt ein nøkkelstad langs kystpilegrimsleia. Her kan ein få informasjon og omvisingar, og pilegrimar kan få stempla pilegrimspassa sine. Dei tilreisande skal også kunne få informasjon om transport og overnatting i området. Selje regionale pilegrimssenter vil hjelpe til med å spreie denne informasjonen, mellom anna gjennom nettsida www.pilegrimsleden.no.

Eg fekk møte Torunn Beck, som er ny dagleg leiar i kvernsteinsparken, og formidlar Per Christian Burhol. Det er imponerende kva som er bygd opp her, og særleg det tette samarbeidet med skulen i Hyllestad, der 7. klassingane jobbar med aktivitetar i kvernsteinsparken gjennom eit heilt år.

Eg nemnde i innleiinga at



Per Christian Burhol og Torunn Beck ved resepsjonen og pilegrimsmottaket i kvernsteinsparken. Foto: Tonje Ramse Trædal

dette var første gong eg var i Hyllestad, men at det likevel kjendest litt som å komme heim. Dette skuldast nok først og fremst den varme mottakinga eg fekk her, ikkje minst av Audun Systad. Men så er eg også halvt sogning, med røter på garden Trædal i Ikjefjorden. Så lenge bestemor mi levde, var eg her kvar sommar. Og fram til skulealder, budde eg på den gamle skulen i Lavik, der begge foreldra mine, Lasse og Sigrid Bjørg, var lærarar.

I Hyllestad møtte eg kyrkje-tenar Helge Oddvin Systad, og

det viste seg at han hadde hatt mor mi som lærar i åtte år på barneskulen. Eg måtte sjølvsaft fortelje henne om dette i telefonen. – Er han framleis like blid og raud i kinna? Spurde ho. Og det kunne eg bekrefte at han var.

Takk for denne gongen, Hyllestad. Eg gler meg til å komme tilbake, og til vidare samarbeid om utvikling av kystpilegrimsleia.

Tonje Ramse Trædal
Dagleg leiar, Selje Regionale
Pilegrimssenter

Kinn kyrkje, sommaren 2023

Det vert opa kyrkje på Kinn frå 19. juni og ut heile August. Opningstidene er frå 13.30 til 19.30. Det er enkle tidebøner i kyrkja klokka 13.30 og 19.00 kvar dag. Ei rekke frivillige tek imot reisande som kjem til kyrkja. Kyrkja er ei av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia og øya er tett knytta til historia om Sta. Sunniva og seljumennene. Det går ekstra turistbåt frå Florø klokka 12.00 på måndag, tysdag, torsdag og fredag frå 19. juni til og med 4. August. I denne perioden går det også båt klokka 10.00 på laurdag. Elles må ein bruke dei ordinære rutene. Turen til Kinn og kyrkja er ei oppleving. Det er turlagshytte på Kinn og fleire merka turløyper.

Di røyst tel i kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er røysta di viktig i kyrkjevalet! Når du røystar, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å avgjere kven som skal leie den framover.

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 11. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også røyste fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Nytt av året er at du kan førehandsrøyste digitalt. Det gjer du på www.kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september.

Du kan òg førehandsrøyste fysisk på desse stadene:

Hyllestad kyrkjekontor: Kvar onsdag i tidsrommet 9. august til 6. september kl. 10:00-14:00.

Hyllestad omsorgssenter Eiklund: Tysdag 5. september kl. 10:00-12:00.

Hyllestad kyrkje: Torsdag 31. august kl. 15:00-20:00.

På valdagen 11. september: Fleirbrukshallen på Hyllestad kl. 09:00-20:00.

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan røyste på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.



Di røyst er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

Til **soknerådsvalet** Hyllestad har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidatar til sokne-rådet og leie kyrkjelyden dei fire neste åra. I soknerådet røystar du på enkeltpersonar. Du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrarøyst. Kandidatane med flest røyster blir med i rådet.

I val til **bispedømeråd** og **Kyrkjemøtet** er du med på

å avgjere kven som utgjer bispedømerådet. Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset mellom anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja. Når du røystar i bispedømerådsvalet er du dermed også med

Nominasjonskomiteen si liste til soknerådsvalet 2023

1.	Inger Hauken	f.1956	6958 Sørbøvåg
2.	Jan Olav Gjerde	f.1958	6957 Hyllestad
3.	Brit Inger Skaar	f.1966	6953 Leirvik
4.	Rune Risnes	f.1961	6957 Hyllestad
5.	Agnete Solheim	f.1997	6953 Leirvik
6.	Siv Åshild Fristad	f.1965	6953 Leirvik
7.	Jofrid Hatleberg	f.1945	6953 Leirvik
8.	Reidun Skår	f.1962	6953 Leirvik
9.	Helge Roald Jomisko	f.1962	6953 Leirvik
10.	Anny Dale Fureli	f.1957	6957 Hyllestad

på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet. I dette valet røystar du på ei liste. Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja. I Bjørgvin stiller Bønelista, Frimodig kyrkje, Nominasjonskomiteens liste og Open folkekyrkje lister.

I begge vala er det høve til å gjere endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar.

Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på kyrkjevalet.no.

Les meir om kandidatane til begge vala her i bladet, på nettsida vår www.hyllestad.kyrkja.no eller på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Nytt av året:
Digital føre-
handsrøysting
Frå 10. august
til og med 6.
september



Du kan skanna denne QR-koden med mobilen din og du kjem til kyrkjevalet.no, der du kan logge deg inn med bank-ID og førehandsrøyste digitalt. GENIALT, ikkje sant?

Visste du at...

- Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å røyste ved kyrkjevalet 10.-11. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har røysterett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulike utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemmer veljast inn ved kyrkjevalet 2023.

Dugnad på Bø gravplass

Fem «fine fyrar» tok seg på tak to fine vårdagar i april og fekk rydda opp i gammalt gjerde på grav-plassen. Fyrste dagen gjekk med til opprydding, henta oppatt neddriven stein og reparert muren.

Dei lasta det gamle gjerdet på hengar og fekk levert til gjenvinning, samt montert det nye. *Takk til dyktig dugnadsgjeng!* Endeleg har ein

fått gjerde rundt heile gravplassen att, noko som var ekstra viktig på sjøsida, der det er svært høgt langs muren.

Takk til Bjarne Avedal, Håkon Haukøy, Anfinn Rønneseth, Bjarne Bø og Odd Takle (som og tok rolla som fotograf, i tillegg å vera inspirator og dugnadsleiar). Godt å sjå at dei tok seg tida til litt mat og sosialt samvær!



Konfirmantar Hyllestad



Hyllestad kyrkje 29.04.23

f.v: Stian Boge Skaar, Brage Solberg Losnegård, Kevin Kristoffer Halnes Nødset, Ronja Sofie Fanebust, Malin Oppedal, Eileen Eimind-Thorsnes, Lene Marie Dale, Elias Horne og Marius Løvø Amundsen.



Bø kyrkje 13.05.23

f.v: Tarja Marie Milde, Amalie Tveit, Runar prest, Bendik Braastad Einen, Aron Pedersen Johannessen og Kristian Høyum Gudmundsos.

Glede og sorg

DØYPTE

Bø: Sofie Sande Wolff

Hy:	Alfred Konrad Lylund	f.1941
	Odd Harald Berge	f.1945
	Isak Hatlem Rønneseth	f.2023
	Svein Reidar Dale	f.1963

KONFIRMERTE

Sjå s. 9.

DØDE

Øn:	Signy Huke Eide	f.1945
	Erna Nesje Storesund	f.1947
	Hilda Bergitte Salbu	f.1925



Velkommen til dåp!

Når eit barn blir født, får ikkje lenger kyrkjekontoret melding om dette, men kyrkja i Hyllestad ønskjer alle velkomen til dåp.

Dåpssamtalen

Før barnet vert døypt, skal ein ha dåps-samtale med presten. Som regel kjem presten på besøk i heimen, men av og til kan det høve å ta samtalen på kontoret. I samtalen snakkar ein saman om:

- kva dåpen er
- korleis dåpshandlinga går føre seg
- korleis kyrkja kan hjelpe med å gi barnet ei kristen oppseding

Dåpsgudstenesta

Dåpen skjer i ramma av ei ordinær gudsteneste i soknet. Dåpen er ei kyrkjeleg handling, så derfor vert heile kyrkjelyden involvert. Ein bør vere varsam med å bruke blitz under sjølve dåpshandlinga.

Dette vil ein uansett få rikeleg høve til ved døypefonten etter gudstenesta, der alle kan stille seg opp, så ein kan ta gode bilete i fred og ro.

Med dette ønskjer vi i kyrkja i Hyllestad velkommen til kyrkje og dåp.

Du finn meir informasjon om dåp på heimesida vår: www.hyllestad.kyrkja.no.



Janne Beate Sande og Tommy Wolff melde vetle Sofie inn til dåp via minkirkeside.no.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om det er noko de lurar på. No har vi opna for digital påmelding til dåp, der ein får fram dei aktuelle gudstenestene for dåp framover.

Her kan du leggja inn ynskje om dåp:
<https://minkirkeside.no/hyllestad>

Dette er ein enkel og trygg måte å leggja inn ynskje om dåp. Ein loggar seg inn med mobilnummer og får ein eingongskode. Ein får opp val av handling; Dåp, konfirmasjon, eller vigsel. Då er det berre å leggja inn alle opplysningar, so tek vi kontakt.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01



Improving life at sea

Kyrkjekontoret formidler sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gammalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølv.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkjekontoret har katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/> For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplassvedlikehald.

Kontakt: **Aslak Åm Sognnes tlf. 975 83 290**



ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



ÅPEN 09-20 (18)



Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjektleiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no

Velkommen til kyrkje

Dette er gjeldande gudstenesteplan, men her kan koma endringar.
Følg difor med på kyrkja i Hyllestad si facebook-side og i lokalavisa.

Vi vil og freiste halda heimesida, www.hyllestad.kyrkja.no,
so oppdatert som råd er.


23.juli:	Hyllestad	kl. 11:00	Høgmesse
30.juli:	Korssund	kl. 14:00	Felles gudsteneste med Fjaler og Askvoll
06.aug:	Hyllestad	kl. 12:00	Friluftsgudsteneste ved dagsturhytta
27.aug:	Hyllestad	kl. 11:00	Konfirmantpresentasjon
03.sept:	Hyllestad	kl. 11:00	50-årskonfirmantar
24.sept:	Hyllestad	kl. 18:00	Thomas messe
01.okt:	Hyllestad	kl. 11:00	Haustattakkefest/Familiegudsteneste
22.okt:	Øn	kl. 11:00	
29.okt:	Hyllestad	kl. 15:00	Kyrkjelydbasar
05.nov:	Hyllestad	kl. 11:00	Helgemesse
26.nov:	Hyllestad	kl. 11:00	Familiegudsteneste med tårnagentar
03.des:	Hyllestad	kl. 18:00	Lysmesse (1sia)
24.des:	Bø	kl. 14:00	
24.des:	Øn	kl. 16:00	
25.des:	Hyllestad	kl. 14:00	
26.des:	Hyllestad omsorgssenter Eiklund	kl. 11:30	
31.des:	Hyllestad	kl. 15:00	



Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig.

Gi din gave på **vipps 13130**



+ Blå Kors

INFORMASJON

Returadresse:

Kyrkjekontoret
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det
som skjer i kyrkjelyden –
Lik Kyrkja i Hyllestad på
Facebook!

Hyllestad sokneråd 2019 – 2023

Faste medlemer:

Linda Ølmheim
Reidun Skår
Steinar Urnes
Anny Dale Fureli
Liv Synnøve Andersen
Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Atle Tonning
2. Odd Takle
3. Magnhild Hofland
4. Kurt Arve Kjos
5. Rune Risnes

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid onsdag kl 10.00–15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Kyrkjekontoret har fast kontordag onsdag.

Dagleg leiar/kyrkjeverje: **Renate Ørnehaug Dale**

E-post: renate.dale@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 915 16 644

Kyrkjeseekretær: **Aslak Åm Sognnes**

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: **Runar Matsui-Li**

E-post: runar.li@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 488 90 086

I KYRKJENE:

Organist **Erling Akse** – Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar **Helge Oddvin Systad** – Mobiltelefon: 952 23 549

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog: LEDIG 25% STILLING

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar **Linda Ølmheim** – Mobiltelefon: 976 20 937

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes, Audun Systad, Runar Matsui-Li og
Linda Ølmheim

Trykk: Printfarm AS

**Innhogging
av nye
namn og
oppfrisking
av skrifta på
gravminne**



Kyrkjekontoret formidlar
kontakt med ein som
gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på
tlf. **975 83 290**

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Vi formidlar og sal av nye grav-
minne frå Nergård Steinindustri.